

Helge Husby

Øydegard, 13.01.2015

Leiar i ORKidé
Ingunn Oldervik Golmen
Aure kommune
6690 Aure

FOREDRAG OM DET HISTORISKE NORDMØRE FRAM TIL I DAG

Ja, du undrast vel kva eg vil med dette?

Eg skriv til deg som leiar i ORKidé fordi eg er bekymra over Nordmøres framtid som region/område. Gjennom dei siste åra har eg både skreve om, og heldt foredrag om den historiske utviklinga av Nordmøre – frå eige fylke til fogderi under Romsdals amt, seinare eit geografisk område i Møre og Romsdal fylke.

Kommunane sør for Tingvollfjorden soknar sørover, i Sunndal er det tankar om fellesskap med Oppdal, Rindal ser mot Trøndelag og Orkdalsregionen, Aure har fellesskap mot Hemne, Hitra og Frøya etc. Alt er i støypeskeia. Det sprikjer i alle retningane. Og for tida er avisene fulle av tankar om at Nordmøre bør gå tilbake til Trøndelag.

Politikerane skal ta viktige avgjerder dei næraste åra. Og eg har dessverre sett mangel på historisk kunnskap om tidlegare kommuneinndeling og Nordmøres historie blant våre folkevalgte.

Eg tilbyr meg å halde eit foredrag på ca. 45 min. om Nordmøres utvikling fram til i dag, helst i eit forum der alle rådmennene og ordførarane er samla. Gjerne i andre forum som kan vere passande. Dette skal eg ikkje ha noko honorar eller godtgjersle for. Det er både bekymringa mi sjølv, og oppmodingar frå folk om at eg bør komme ut med dette temaet.

Eg hører gjerne frå deg.

Med helsing



Helge Husby

Ref.: Brev til Orkide 13-01-2015.doc - 13.01.15